



PROSPEKT: BEINAVIKO BRYGGJE

USKEDALEN, KVINNHERAD

Slik blir første byggjesteget til slutt. Arkitekt Vikøren har laga denne perspektivteikninga.

Det dreg ut med fullføringa av reguleringsplanen for Beinavikjo-området. Kommunen og andre er utålmodige, skal ein dømma etter eit brev som saksbehandlar Ingo Bewer no har sendt til arkitektane Anders og Olav Vikøren i Vik i Sogn.

Bewer viser til vedtak i forvaltningskomiten 10. oktober i fjor, diverse telefonsamtalar og e-postmeldingar og ber om at arkitektane tek kontakt med kommunen.

- Reguleringsplanen for området kan ikkje leggjast ut før planforslaget er revidert, skriv Bewer.

Men om det ikkje har skjedd noko avgjerande med reguleringsplanen, har det i den seinare tid skjedd mykje med prosjektet til Geir Rusten, som har som mål å byggja ut 25-30 leilegheiter innafør dei første to åra.



Beinavikjo-prosjektet går framover. Slik tek det seg no ut sett frå riksvegen.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det framfor alt den delen av prosjektet som kallast Sjøhuset som tek form og tysdag kom takstolane på plass. Terje Nordøy frå Trelasten leiar arbeidet og har ein russar og to estendarar med seg.

Sjøhuset blir eit høgt, elegant hus med fasaden vendt mot Neset og det skal innehalda fem leilegheiter. Rusten ønskjer å ferdigstillast dette huset før mai, kunngjorde han i fjor haust. Den same framdriftsplanen gjeld for bustadane oppå parkeringshusa som Rusten tenkjer seg skal bli til dømes gjennomgangsbustader for yngre folk.

Første byggjesteget, som no er under fullføring, får i alt 21 leilegheiter og 12 av dei er selde.

I prospektet for Beinavikjo Bryggje slik det no er presentert på nettet blir det opplyst at det er åtte leilegheiter att og at dei er under oppføring.

Av Ola Matti Mathisen



Det skal bli fem leilegheiter i huset som no er under byggjing i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)